

# Samnanger

– der du vil leva og bu



## Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024



2 Foto: Samnanger IL

1 Foto: Samnanger IL



3 Foto: Truls Solvang

## Aktiv der du er!

Vedtatt i kommunestyret i sak 061/14 5. november 2014

## Innhold

1	Innleiing .....	4
1.1	Bakgrunn for planen .....	4
1.2	Føremålet med planen .....	4
1.3	Planprosess .....	4
1.3.1	Organisering .....	4
1.3.2	Medverknad.....	4
1.4	Definisjonar og klargjering av omgrep.....	5
2	Plangrunnlag.....	6
2.1	Lover.....	6
2.2	Statleg idretts- og friluftslivspolitikk.....	7
2.3	Regionale føringar .....	9
2.4	Kommunale føringar og strategiar.....	10
3	Status frå førre plan og refleksjonar over måloppnåing .....	12
3.1	Målsetningar i førre kommunedelplan .....	12
3.2	Vurdering av måloppnåing .....	12
3.3	Gjennomførte tiltak 1997-2010 .....	12
4	Samnanger – status .....	14
4.1	Om Samnanger .....	14
4.2	Kommunen si rolle i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv – dagens situasjon.....	15
4.2.1	Skule og barnehage .....	15
4.2.2	Integrering – Aktiv Saman 2012-2017 .....	16
4.3	Det frivillige idretts- og friluftslivet i Samnanger .....	16
4.4	Aktiviteten i Samnanger .....	18
4.5	Status for anlegg og framtidige behov.....	19
4.5.1	Ordinære anlegg – status og framtidige behov.....	20
4.5.2	Nærmiljøanlegg – status og framtidige behov .....	25
4.5.3	Friluftslivsanlegg – status og framtidige behov .....	26
4.6	Folkehelse, universell utforming og fysisk aktivitet for alle .....	27
4.7	Organisering av feltet og avklaring av roller mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar.....	28
5	Visjon, mål og tiltak 2014 - 2024.....	29
5.1	Visjon.....	29
5.2	Mål.....	29

## Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024

5.3	Aktivitet og anlegg .....	29
5.4	Tiltak.....	30
5.4.1	Aktivitet.....	30
5.4.2	Ordinære anlegg .....	31
5.4.3	Nærmiljøanlegg.....	32
5.4.4	Friluftslivsanlegg.....	33
6	Handlingsprogram 2015 - 2018.....	35
6.1	Idrettsanlegg .....	35
	Vedlegg .....	37
6.2	Registrerte anlegg i Samnanger .....	37
6.3	Spørjeundersøking .....	40
6.3.1	Resultat.....	40
6.3.2	Spørjeskjema .....	46

## **1 Innleiing**

Naturutvalet vedtok den 9.2.2011 i sak 014/11 at arbeidet med planprogram Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skulle starta. Planprogrammet vart vedteke av naturutvalet den 8.6.2011 i sak 30/11.

### **1.1 Bakgrunn for planen**

Bygging av idrettsanlegg og støtte til idretten er ikkje ei lovpålagt oppgåve for kommunane, men for at Samnanger kommune eller nokre lag tilhøyrande kommunen skal kunne søka om spelemidlar er det eit krav at det er ein vedteken kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Me har òg valt å ha med friluftsliv i planen fordi idrett og friluftsliv er knytt saman gjennom fysisk aktivitet. I tillegg er friluftslivsanlegg ein del av spelemiddelordninga.

### **1.2 Føremålet med planen**

Kommunedelplanen har som føremål å vera eit overordna politisk styringsdokument for utviklinga av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Samnanger. Kommunedelplanen gjer greie for behov, mål og løysingar for dette området på kort og lang sikt. Kommunedelplanen er utgangspunktet for rådmannen sitt administrative arbeid og forvaltinga av oppgåver innan områda idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Planen skal i følgje fylkeskommunale føringar sjåast i samanheng med utviklinga av det førebyggjande folkehelsearbeidet i kommunen og skal ikkje ha eit einseitig fokus på anlegg.

Ein føresetnad for folkehelsearbeidet er at me skal tenka folkehelse i alt me gjer. For dei områda denne planen dekkar er det i hovudsak fordelane av fysisk aktivitet som vert trekte fram, men det finst andre område innan folkehelsearbeidet der idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein bidragsytar.

### **1.3 Planprosess**

Planprosessen for kommunedelplanar er omfatta av Plan- og bygningslova. Av Pbl §§ 11-1 tredje ledd og 11-2 fjerde ledd følgjer det at planprosessen skal vera i tråd med §§ 11-12 til 11-15.

#### **1.3.1 Organisering**

Planarbeidet har vore organisert som eit prosjekt med naturutvalet som styringsgruppe. Ass. rådmann har vore prosjektansvarleg med kultursjefen som prosjektleiar. Prosjektleiar har hatt ansvar for den administrative arbeidsgruppa og arbeidet opp mot referansegruppene og andre medspelarar.

#### **1.3.2 Medverknad**

For å få til ein god plan er medverknad frå dei planen vil gjelda svært viktig. I planprosessen har det vore fleire allmøte der lag og organisasjonar har kome med innspel. Dei vart òg delte opp i grupper for å arbeida med dei tre tema som er hovuddelen av planen. I eit notat til Naturutvalet i møte den 11.9.2012 vart det foreslått å etablere eit førebels aktivitetsråd i Samnanger. Av ulike grunnar har dette ikkje vorte gjort.

## 1.4 Definisjonar og klargjering av omgrep

**Idrett** – Organisert fysisk aktivitet der standardisert konkurranse eller trening til konkurranse er sentralt.

**Fysisk aktivitet** – All fysisk aktivitet som ikkje er idrett. Til dømes mosjon, lek, trim, friluftsliv.

**Mosjon** – aktivitet og kroppsbevegelse som skal styrka helsetilstanden til den enkelte.

**Idrettsleg aktivitet** – eigenorganisert aktivitet som er lik idrett. Til dømes fotball i ballbinge.

**Friluftsliv** – opphald og fysisk aktivitet i friluft på fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving.

**Ordinære anlegg** – anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet.

**Nærmiljøanlegg** – anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Med nærmiljøanlegg er det meint berre utandørsanlegg.

**Organisert idrett** – idrettsaktivitet organisert av idrettslag, eller eit anna organisasjonsledd i Norges idrettsforbund og olympiske komité og paralympiske komité.



4 Foto: Samnanger kommune

## 2 Plangrunnlag

### 2.1 Lover

#### **Plan og bygningslova**

Plan og bygningslova er den mest sentrale lova. I Pbl § 11-1 tredje ledd les ein: ”Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.”

Pbl § 11-2 tredje ledd: ”Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.”

#### **Krav til universell utforming i Plan- og bygningslova (PBL 2009).**

Likeverdige tilhøve for deltaking i samfunnet skal fremmast. Universell utforming er nedfelt i formålsparagrafen i Pbl, § 1-1: ”Universell utforming skal liggja til grunn for planlegging og krava til det enkelte byggetiltak. Universell utforming føreset inkluderande planlegging.”

Medverknad skal i følgje § 5-1 og § 5-2, òg omhandla føresetnadene for at folk skal kunna delta. Møtelokale skal vera tilgjengelege og informasjon skal formidlast slik at den kan oppfattast av blinde og svaksynte. Erfaringane til personar med nedsett funksjonsevne vert i eit slikt perspektiv ein viktig ressurs for regional- og kommunal planlegging.

#### **Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova (Lov av 20. juni 2008 - 42)**

Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova har som formål å fremma likestilling og likeverdige tilhøve for deltaking i samfunnet og tilgong til tilrettelagte område for friluftsliv, fysisk aktivitet og idrett. Plikta til universell utforming av offentlege bygg og anlegg (inkludert friluftsanlegg) er heimla i § 9 Plikt til generell tilrettelegging (universell utforming). Lova skal sikra mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

#### **Lov om friluftslivet**

Lova har som formål å verna friluftslivet sitt naturgrunnlag og sikre ålmenta si rett til ferdsel og opphald i naturen, slik at høve til å utøva friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet vert bevart og fremja.

#### **Lov om folkehelsearbeid**

Formålet med lova er å bidra med ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa. Kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeidet er å fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold. Vidare skal kommunen bidra til å førebyggja psykiske og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytta befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa. Kommunen skal samarbeida med frivillig sektor.



## 2.2 Statleg idretts- og friluftslivspolitik

### **Stortingsmelding nr. 26 Den norske idrettsmodellen (2011-2012)**

Statens overordna visjon er *idrett og fysisk aktivitet for alle*. Regjeringa ynskjer å vidareutvikla det beste av den norske idrettsmodellen. Dette inneber at det skal vera eit aktivitetstilbod innanfor den organiserte idretten for alle, både dei som ynskjer å prestera på idrettsbanen og dei for dei som ynskjer å vera fysisk aktive innanfor verdifulle sosiale fellesskap. Dei prioriterte målgruppene til staten er barn og ungdom, personar med nedsett funksjonsevne og inaktive. Staten sine verkemiddel er støtte til anleggsbygginga gjennom spelemidlane og støtte i Norges idrettsforbund, olympiske komité og paralympiske komité.

### **Stortingsmelding nr. 39 Frivillighet for alle (2006-2007)**

Staten legg opp fire hovudstrategiar: betre rammevilkår, auka merksemd om ressursar til lokal aktivitet og "lavterskelaktivitet", auka merksemd om inkludering og integrering, og styrka kunnskap og forskning. I meldinga peikar staten på at den vil leggja til rette for å styrka samhandlinga mellom kommunal og frivillig sektor, og understrekar at den enkelte kommune bør utvikla ein lokal frivilligheitspolitikk.



5 På ski over Samnangerfjorden Foto Samnanger kommune

### **Stortingsmelding nr. 39 Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet (2000- 2001)**

Gjeldande friluftslivspolitik fastset at friluftsliv er eit velferdsgode som alle skal kunna nytta godt av uavhengig av funksjonsnivå. Det er viktig å sikra tilhøve som gjer at alle grupper skal ha tilgjenge på dette samfunnsgodet gjennom universell utforming. Stortingsmeldinga legg vekt på friluftsliv som føresetnad for trivsel, helse, førebygging og

berekraft. Allemannsretten vert lagt til grunn, og meldinga legg vekt på nasjonale mål om aktivitetstilbod til barn og unge, sikring av naturområde og tilgjenge på samanhengande grøntområde.

### **Stortingsmelding nr. 34 Folkehelsemeldinga – God helse – felles ansvar (2012-2013)**

Stortingsmeldinga presenterer regjeringa sin strategi for å utvikla folkehelsa. Dei nasjonale måla er: Noreg skal vera blant dei tre landa med lengst levealder, befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale helseforskjellar, og me skal skapa eit samfunn som fremmar helse i heile befolkninga.

### **Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009, Sammen for fysisk aktivitet.**

Handlingsplanen vektlegg at fysisk aktivitet er ein nøkkel til trivsel og helse for befolkninga i sin heilskap. Auka fysisk aktivitet skal ein nå gjennom ein samla strategi for heile livsløpet. Viktige

arena for implementering av tiltak er barnehage, grunnskule, arbeidsplassar og institusjonar. Tilrettelegging for fysisk aktivitet i nærmiljøet og i fritida vert vektlagt.

### **Nasjonalt råd for fysisk aktivitet 2011 Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet.**

Rapporten konkluderer med at dei fleste tradisjonelle idrettsgreinar vert dominert av dei unge, av menn og det øvste samfunnslaget. Aktivitetar som motverkar mannsdominans og klasseperspektiv er friluftsliv, symjing, gymnastikk og dans. Dei tradisjonelle idrettane har minska kontaktflata. Det er langt meir å henta på å utjamne sosial ulikskap ved å satsa på friluftsliv og eigenorganisert fysisk aktivitet og tiltak som fremjar aktivitet i kvardagen. Fordeling av spelemidlar for framtida må ta omsyn til dette.

### **Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv**

Strategien sitt hovudmål er å auke talet på aktive i friluftsliv i og ved byar og tettstadar. Dei viktigaste målgruppene er barn og unge, personar med innvandrarakgrunn, personar med nedsett funksjonsevne og personar som er lite fysisk aktive. Strategien har eit fokus på friluftsliv i nærmiljøet.



### **Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområder**

Handlingsplanen sitt mål er at statleg sikring og tilrettelegging av friluftslivområde og ferdsselsårar skal vidareutviklast som verkemiddel for å oppretthalda og auka friluftslivsaktiviteten i alle grupper av befolkninga. Det overordna målet er at statleg sikring av friluftslivsområde skal generera mest mogleg friluftslivsaktivitet.



### 2.3 Regionale føringar

Som regional utviklar legg Hordaland fylkeskommune viktige føringar for planprogram og kommunale delplanar. Fylkeskommunen har ansvaret for det regionalpolitiske arbeidet på det tematiske området og har fått delegert mynde frå KUD til å godkjenne kommunale delplanar. Fylkesdelplan er retningsgjevande for kommunane sine planarbeid innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv fram mot 2013, og Samnanger kommune sin delplan innan området må òg leggja til grunn regionale føringar. Kommunedelplanen skal sendast fylkeskommunen for endeleg godkjenning.

#### **Fylkesdelplan 2008-2012- Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, aktiv kvar dag**

Eit viktig signal i fylkesdelplanen er at det skal leggjast til rette for at det er låg terskel for fysisk aktivitet for så mange som mogleg. Planen legg til grunn eit folkehelseperspektiv og viser til livsstilsendring som ei viktig utfordring for framtida. Eigenorganisert fysisk aktivitet, så vel som organiserte aktivitetar, er ein viktig nøkkel til trivsel og god folkehelse og eit berekraftig samfunn. Det er viktig at ein kan vera aktive i nærleiken av der dei bur, arbeider eller går på skule. Idrettsanlegg skal helst plasserast ved skule eller i tettstad med god tilgjenge for flest mogleg. Dei viktigaste prioriteringane i perioden er:

- Partnerskap for folkehelse
- Tilrettelegging for aktiv kvardag med tanke på fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Anlegg for idrett og friluftsliv

#### **Høyringsutkast – Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland**

Hordaland fylke sin visjon for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ”Aktiv kvar dag”. Målet er at alle skal kunne vera aktive etter eige ynskje og føresetnader på allment tilgjengeleg område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.



6 Aldalen friluftsløir

Foto: Samnanger kommune

### **Regional plan for folkehelse 2014-2025 – fleire gode leveår for alle**

Satsingsområda i planen knyt seg til dei nasjonale måla for folkehelse. Ved å utjamne sosial ulikskap og hindre for tidleg død, skal dei auke den gjennomsnittlege levealderen. Gjennom å betra helsa til befolkninga, skal dei oppleve fleire leveår med god helse og trivsel. Dei skal skapa eit samfunn som fremjar helse for heile befolkninga. Det er lagt stor vekt på å prioritera helsefremjande arbeid, strategiar som når heile befolkninga, og på barn og unge. Planen bygger på fem prinsipp: Sosial utjamning, helse i alt me gjer, berekraftig utvikling, føre var-prinsippet og medverknad.

### **Fylkesdelplan 2006 – 2009. Deltaking for alle - universell utforming**

Planen legg til grunn ei rekkje strategiar for at alle skal kunna delta i samfunnslivet på like vilkår:

- Det skal vera universelt utforma turløyper i kvar region/destinasjon
- All infrastruktur for samferdsle i Hordaland skal ha universell utforming
- Alle nye offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal frå og med 2009 skal ha universell utforming
- Eksisterande offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal ha universell utforming frå og med 2019

## **2.4 Kommunale føringar og strategiar**

Kommunedelplanen for friluftsliv, fysisk aktivitet og idrett må samordnast med mål, strategiar og tiltak spesifisert i eksisterande kommunale plandokument og politiske vedtak i Samnanger kommune. Strategiar og tiltak som har grensesnitt mot anleggs- og aktivitetssatsingar, er Kommuneplanen for Samnanger og Kulturplan 2009 – 2013 (2020). Vidare må det takast omsyn til Energi- og klimaplan (2009), Plan folkehelse i Samnanger (2011) og Kystsoneplan (2012).

### **Kommuneplan for Samnanger 2007-2017 – *Der du vil leva og bu.***

Samfunnsdelen i planen set fokus på kvalitetane både i dei kommunale tenestene og i det frivillige arbeidet. Samnanger skal vera ein stad der folk kan bu og trivast gjennom heile livet. Å utvikla kulturaktivitetar for alle innbyggjarane vert sentralt i arbeidet med å vidareutvikla lokalsamfunnet.

### **Kommuneplan for Samnanger kommune – arealdelen 2015 – 2025/ Kystsoneplan**

Arbeidet med revisjon av arealdelen av kommuneplanen er i gang. Planprogrammet er vedteke, og arealplanen er forventa vedteken i juni 2015. Arealbruken langs strandlinja er fastlagt i kystsoneplanen som vart vedteken i 2012.

Kommuneplanen er kommunen sitt fremste arealpolitiske styringsverktøy og set rammer for den langsiktige utviklinga av kommunen noko som m.a. vil ha betydning for den framtidige lokaliseringa av anlegg, løypetrasear og friluftsområde.

### **Kulturplan for Samnanger (2009-2013) – Kultur for alle**

Kulturplanen legg ei rekkje føringar for utviklinga innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Tiltaka er sett opp i prioritert rekkjefølgje med fleirbrukshall øvst. Planen legg til grunn for satsinga at dette er eit viktig førebyggjande tilbod til folk i alle aldersgrupper og i høve utfordringar innan psykiatri og rus. Planen vektlegg at Samnanger ikkje har bygningar som gjev høve til ballspel slik som handball, volleyball og basketball, noko som er eit sagn for mange.

Planen peikar på utfordringar med tanke på vedlikehald og vegtilkomst til idrettsanlegg og attgroing av stiar og landskap. Det er òg trong for tiltak i nærmiljøa med tanke på rekreasjon og fysisk aktivitet, og nærmiljøanlegg som er universelt utforma.

### **Skulebruksplan for Samnanger 2009-2020**

Skulebruksplanen vektlegg at om lag 300 elevar saknar ei ”storstove” der dei typiske hallaktivitetane, handball, fotball og turn kan ha konkurransar innandørs. Innbyggjarane har gjennom arbeidet med kulturplanen gjeve fleirbrukshall første prioritet og nytt bibliotek kjem på andre plass. Hallen bør av ulike grunnar kombinerast med andre tiltak som t.d. skuleanlegg / bibliotek / bustader / kommunehus mm.



7 Utsikt over Samnanger fjorden - turlaget på veg til Mosatjørn Foto: Samnanger turlag

### **Energi og klimaplan (2009-2012)**

Planen legg føringar for korleis ein skal vareta eit heilskapleg miljøperspektiv i anleggsutbygging og områdeutvikling med føremål friluftsliv og rekreasjon.

### **Plan for folkehelse (2012-2020)**

Hovudmålet i planen er fleire leveår med god helse for alle. Hovudmålet for fysisk aktivitet er **Aktiv kvar dag**, og det er sett opp fylgjande delmål

- Differensierte tilbod med særleg fokus på å auka aktivitetn hjå dei som ikkje er aktive
- Gode nærmiljø som innbyr til aktivitet
- Gode rammevilkår for organiserte aktivitetar
- Samnanger vil satsa på universell utforming slik at alle får tilgang til anlegg, uterom, parkar, vegar og bygningar på ein likestilt måte
- Arbeidsgjevarar som legg til rette for fysisk aktivitet.

### 3 Status frå førre plan og refleksjonar over måloppnåing

Førrige kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 1997-2001 vart ikkje rullert som planlagt. I perioden etter førrige plan har kommunestyret vedteke årleg prioritering av spelemiddelsøknadane. I 2006 vart det utarbeidd eit drøftingsutkast til ny kommunedelplan, men denne vart aldri handsama. Det vart prioritert å utarbeida Kulturplan for Samnanger 2009-2013 som eit overordna styringsdokument. I kulturplanen vart det løfta fram fleire satsingsområde innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

#### 3.1 Målsetningar i førre kommunedelplan

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet 1997-2001 hadde eit stort fokus på anlegg. Planen hadde eit overordna mål om ”å gje alle samningar høve til leik, idrett og friluftsliv ut frå den einskilde sine fysiske og sosiale føresetnader, livssituasjon og interesse”.

#### 3.2 Vurdering av måloppnåing

Drøftingsutkastet frå 2006 konkluderte med at måla både i det korte og det langsiktige handlingsprogrammet i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet 1997-2001 var nådde med unntak av idrettshall og 7’ar fotballbane.

Det vart òg konkludert med at den førrige kommunedelplan ikkje utvikla strategiar for korleis det skulle leggjast til rette for at alle kunne vera meir fysisk aktive.

#### 3.3 Gjennomførte tiltak 1997-2010

I planperioden 1997-2008 har følgjande område og anlegg fått politisk prioritet, og med særskilt omsyn til:

<i>Gjennomførte tiltak 1997-2010</i>		
<i>Organisert idrett og trening:</i>		
<b>Fleire løyper og lagerbygg</b>	Totræna vinterpark	1999
<b>Rehabilitering av grusdekke</b>	Hagabotnane sentralidrettsanlegg	2000
<b>Elektroniske skiver (2000) og ny jegertrapp- og leirduebane</b>	Gaupholmsmarka	2002
<b>Nytt skyteanlegg innandørs</b>	Hagabotnane	2006
<b>Orienteringskart</b>	Smådalen, Gullbotn	
<b>Orienteringskart</b>	Einaråsen	2002
<b>Utbedring av symjehall med heis for rørslehemma</b>		2005



## Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024

<i>Eigenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv:</i>		
<b>Ballbinge</b>	Samnanger barneskule	2004, 2010
<b>Ballbinge</b>	Samnanger ungdomskule	2006
<b>Ballbinge</b>	Nordbygda barneskule	2003
<b>Ballbinge</b>	Rolvsvåg	2006
<b>Rullebrettrampe</b>	Samnanger ungdomskule	2002
<b>Jungelklatrepark og utvikling av friluftsområde</b>	Nordbygda	2006-2007
<b>Utvikling av Rolvsvåg badeplass med handicapanlegg</b>	Rolvsvåg	2009
<b>Rolvsvåg friluftsområde med merkte stiar</b>		2009
<b>Utvikling av kulturstien</b>	Tysse	
<b>Aktivitetsplass</b>	Lønnebakken bustadfelt	2010



8 Orienteringsgruppa har trening Foto: Per Arne Aadland



## 4 Samnanger – status

### 4.1 Om Samnanger

Folketalet i Samnanger var pr. 1.1.2014 2436. SSB sine prognosar tilseier at folketalet vil vera omtrent stabilt i planperioden, men det vil vera nokre fleire i aldersgruppa 25-44 år og i 75-79 år.

Framskriven befolkning fordelt på alder i Samnanger 2012-2040 (MMMM) (SSB)						
	2012	2015	2020	2025	2030	2040
<b>Alle aldrar</b>	2 147	2 454	2 530	2 596	2 636	2 654
<b>0-14 år</b>	420	426	451	448	442	409
<b>15-24 år</b>	314	294	272	278	288	292
<b>25-44 år</b>	552	585	609	615	595	566
<b>45-64 år</b>	966	682	662	652	624	657
<b>65-74 år</b>	201	279	322	322	343	285
<b>75-79 år</b>	72	46	103	139	145	170
<b>80 år +</b>	143	142	111	142	199	275
<b>90 år +</b>	34	31	30	29	20	61

Det meste av busetnaden finn ein langs fjorden frå Ådland til Tysse. Kommunesenteret er Tysse, bygt opp i samband med etablering av ullvarefabrikken. På Tysse finn ein i dag kommuneadministrasjonen, folkebibliotek, tannklinikk, daglegvarebutikk, byggevarehandel, ungdomsskule og Safa.

Bjørkheim har i nyare tid etablert seg som handelssenter, med daglegvarebutikk, bank, fabrikkutsal, lensmannskontor, kafé, blomebutikk, utsal av lokalprodusert mat/handverk, frisør, motell og bensinstasjon. Områdeplan for Bjørkheim vart vedteken i 2013. I dette området skal det koma rundt 100 nye bueingar, og det er lagt til grunn utvida nærings- og handelsverksemd, samt friområde med park og badeplass.

Samnangerheimen og Helsetunet med legetenesta, jordmortenesta, helsesøster og fysioterapitenesta er lokalisert på Haga.

I Samnanger kommune er det to kommunale og ein privat barnehage. Kommunen har ein barneskule og ein ungdomsskule. Det finst ingen vidaregåande skule og elevane må reisa til nabokommunane for å ta vidaregåande utdanning. Elevane fordeler seg på skular i Bergen, Fusa, Kvam, Voss og Os.



9 Ut på tur liten og stor  
Foto: Samnanger turlag

Naturen i Samnanger er prega av mykje fjell med mange høve til å dyrka friluftsliv både sommar og vinter. I Eikedalen ligg eit av Vestlandet sine større alpinanlegg, og i Totræna vinterpark finn ein eit flott anlegg med lysløype for tur/ langrenn. Samnangerfjorden og Trengereidfjorden innbyr og til fleire ulike aktivitetar.

## 4.2 Kommunen si rolle i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv – dagens situasjon

I dag gir Samnanger kommune tilskot til idretts- og friluftslivarbeid gjennom kulturmidlane. Samnanger kommune eig og driftar Hagabotnane idrettsanlegg. I tillegg er det høve å søka tilskot til friluftslivstiltak gjennom vilt- og fiskefondet.

Ansvar for idrett og friluftsliv er i Samnanger kommune delt mellom Eining for kultur og Teknisk eining.

### 4.2.1 Skule og barnehage

Skulane og barnehagane er viktige anleggstader fordi barn og unge oppheld seg her over tid. Begge skulane har gymsal, og på ungdomsskulen er det i tillegg basseng. I Vassløppa barnehage er det ein gymsal. Det er eit ynskje om opprustning av uteareala rundt skulane og barnehagane. På Samnanger barneskule er det sett ned ei arbeidsgruppe med foreldre og administrasjon. Barnehagen ynskjer å slutta seg til dette arbeidet.

Gymsalane og bassenget vert nytta til idrett og fysisk aktivitet på kveldstid. I gymsalane er det Samanger idrettslag som er den største brukaren, mens bassenget har brukarar frå ulike miljø.

Begge skulane har, eller arbeidar med å få trivselsvakter. Det er elevar som skal skape inkluderande aktivitet.



10 Aldalen friluftsliv

Foto: Samnanger kommune

#### 4.2.2 Integrering – Aktiv Saman 2012-2017

Samnanger kommune er deltakar i prosjektet Aktiv Saman. Det er eit prosjekt for å integrera fleirkulturelle barn og unge inn i idrett og friluftsliv. Andre partnerar i prosjektet er Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Askøy kommune, Fjell kommune, Hordaland idrettskrets, Bergen Turlag og Wayforward.

Hovudmålet med Aktiv Saman er å få fleire fleirkulturelle barn og unge meir aktive kvar dag, med eit særskilt fokus på dei som er lite fysisk aktive og/eller fysisk inaktive. Det er viktig med eit langsiktig perspektiv, og derfor er prosjektperioden 2012 - 2017. Måla er delt inn i fem delmål:

- å utarbeida, testa og erfarar ein samarbeidsmodell
- oppbygging av gode og stabile nettverk for å gjere terskelen låg for dei som treng det mest
- utvikla ny kompetanse på fagfeltet.
- utvikla ein felles strategi for informasjonsarbeid
- gjennomføra ei følgjevaluering og ei sluttevaluering både på struktur og innhald, både med kvantitative og kvalitative mål.

Første fase er å kartlegga status ved oppstarten av samarbeidet.

Enkelttiltaka er ofte det første møtet med einskildmennesket eller ei gruppe. Den medlemsbaserte aktiviteten er hovudfokus i prosjektet, fordi hovudutfordringa er å skapa gode arenaer for det sosiale fellesskapet. For å utvikla dette fellesskapet vidare, ønskjer me å ha fokus på rekruttering av trenarar og leiarar med fleirkulturell bakgrunn.

#### 4.3 Det frivillige idretts- og friluftslivet i Samnanger

Det er om lag 30 lag/organisasjonar som driv med frivillig kulturarbeid på ein eller annan måte i Samnanger. I 2014 har laga som søker om kulturmidlar i underkant av 1 500 medlemmer (fleire innbyggjarar kan vera medlem i fleire lag). I tillegg til dette veit me at mange deltek aktivt utan å vera medlemmer i noko lag eller organisasjon.



11 Renn i Totræna

Foto: Samnanger idrettslag

### **Samnanger idrettslag**

Samnanger IL er Samnanger sitt einaste idrettslag og har aktivitetar innan alpin, fotball, langrenn, orientering og trim (friidrett). Tilbodet deira er i hovudsak retta mot barn og unge. Per 2014<sup>1</sup> har dei 179 (421) medlemmar som har betalt kontingent. Samnanger IL har ein kjønnsfordeling med 68 (165) kvinner og 111 (256) menn. 105 (248) av medlemmane er under 19 år.

### **Samnanger jeger og fiskarlag**

Samnanger jeger og fiskarlag (SJFL) hadde per 2013 174 medlemmar der 21 er under 19 år. Samnanger jeger og fiskarlag sin hovudaktivitet er jakt og fiske.

### **Samnanger Turlag**

Samnanger turlag er nyoppstarta i 2014 og har 110 medlemmar. Dei vil med tida søka medlemsskap i Bergen/Hordaland turlag. Deira hovudaktivitet, per 2014, er arrangera turar i naturen. Dei vonar å auke aktiviteten dei neste åra.



12 Barnasturlagstur - Teigen Foto: Samnanger turlag

### **Tysse skyttarlag**

Tysse skyttarlag hadde per 2013 235 medlemmar, der 22 er under 19 år. Tysse skyttarlag driv med skyting innanfor Det frivillige skyttervesenet.

---

<sup>1</sup> Tal i parentes er tal på personar som deltek i aktiviteten. SIL har ein stor differanse mellom personar som betalar kontingent og aktive i laget.






Fig.

Fordeling av lagsmedlemmar

#### 4.4 Aktiviteten i Samnanger

I samband med utarbeiding av planen vart det i 2011 sendt ut ei spørjeundersøking. Målgruppa var alle i alderen 12 år og oppover. Det kom inn 445 svar. Me ynskte at undersøkinga skulle seia oss noko om korleis innbyggjarane er aktive og kvifor nokre av oss er inaktive. Eit av spørsmåla var korleis dei som er litt, middels eller mykje fysisk aktiv, aktiviserer seg på eiga hand (utanom idrettslag eller anna organisert aktivitet). Deltakarane i spørjeundersøkinga kunne svare ja og/eller nei på alle alternativa.

Korleis aktiviserar du deg på eiga hand?	Ja		Nei	
	1	2	Ja %	Nei %
Aktiv på skule/jobb/arbeid heime	244	201	54,83	45,17
Vert aktivisert av fysioterapeut e.l.	15	430	3,37	96,63
Går/syklar til skule/jobb	94	351	21,12	78,88
Rusleturar i nærmiljøet	205	240	46,07	53,93
Tur i skog og mark, turstiar, fjell	261	184	58,65	41,35
Jakt/fiske	75	370	16,85	83,15
Skigåing	161	284	36,18	63,82
Sykling	185	260	41,57	58,43
Skating o.l.	12	433	2,70	97,30
Joggeturar	119	326	26,74	73,26
Ballspel på løkke el. i ballbinge	56	389	12,58	87,42
Alpin	119	326	26,74	73,26
Styrketrening	80	365	17,98	82,02
Dans, aerobic, zumba e.l.	57	388	12,81	87,19
Symjing	48	397	10,79	89,21
Riding	8	437	1,80	98,20



## Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024

Klatring, rafting/anna ekstremспорт	9	436	2,02	97,98
Klatretårn, jungelløype e.l.	11	434	2,47	97,53
Anna	56	389	12,58	87,42

Ut frå resultatane er det tilsynelatande naturen i Samnanger som vert mest nytta til eiga aktivisering. 58,65 % av 445 deltakarane svarar at dei aktiviserer seg ved å gå tur i skog og mark, på turstiar og i fjellet. 54,83 % av deltakarane aktiviserer seg gjennom skule, jobb eller med arbeid i heimen. Undersøkinga gjev oss ikkje eit nøyaktig bilete på aktiviteten i Samnanger, men gir ein peikepinn på kva aktivitetar som vert mest nytta for fysisk aktivisering på eiga hand. Det er positivt å sjå at alle alternativa vert nytta, i meir eller mindre grad.

Eit anna spørsmål var kva dei viktigaste grunnane til at dei som ikkje er fysisk aktiv, er lite eller ikkje fysisk aktiv. Ut frå tabellen ser ein at over 90% av deltakarane svarar at dei oppførte alternativa ikkje er grunnar til lite eller ingen aktivitet. Dette kan sjåast som positivt dersom ein tolkar det slik at deltakarane som svarte ”nei”, er i fysisk aktivitet. Samstundes viser også tabellen at det eksisterer grunnar til lite eller ingen aktivitet. Høgast oppslutning her er ”andre interesser”.

Viktigaste grunnane til ikkje fysisk aktivitet	Ja	Nei	Ja %	Nei %
Lite pengar	15	430	3,37	96,63
Veit for lite om tilboda	20	425	4,49	95,51
Ingen å gjera det med	18	427	4,04	95,96
Kjedeleg	7	438	1,57	98,43
Tilbod passar ikkje	31	414	6,97	93,03
Ikkje anlegg i nærleiken	20	425	4,49	95,51
For gamal	7	438	1,57	98,43
Funksjonshemma	3	442	0,67	99,33
Plagar, lyter eller sjukdom	16	429	3,60	96,40
Ikkje tid	24	421	5,39	94,61
Treng det ikkje	8	437	1,80	98,20
Andre interesser	36	409	8,09	91,91
Treng hjelp for å vera aktiv	10	435	2,25	97,75
Anna	16	429	3,60	96,40

### 4.5 Status for anlegg og framtidige behov

Ein viktig del av kommunedelplanen er omtale av behov for nye anlegg. For å kunne søke om spelemidlar må det vera eit behov for anlegget, og det skal vera omtala i delplanen.

#### 4.5.1 Ordinære anlegg – status og framtidige behov

I Samnanger har me idrettsanlegg for fotball, friidrett, alpin, langrenn og skyting. Dei anlegga som skårar høgast på spørsmålet ”Kva for eit anlegg vil du helst vera aktiv i?” i spørjeundersøkinga er: merka turstiar (41,8 %), gang og sykkelveg (41,4 %), symjehall (31,2 %), gymsal/idrettshall (28,5 %), alpinanlegg (24,7 %), skiløype (22,9 %), motocrossbane (22,9 %) og dansesal (20,5 %).

Dei fleste av desse anlegga finst Samnanger, men idrettshall og motocrossbane manglar.

#### Hagabotnane idrettsanlegg

Namn	Anleggsnr	Anleggstype	UU	Status
Hagabotnane idrettsanlegg - grasbane	1242000901	Fotball grasbane	Ja	Behov for rehab
Hagabotnane idrettsanlegg - friidrettsbane	1242000902	Friidrett grusbane	Ja	Behov for rehab
Hagabotnane idrettsanlegg - grusbane	1242000903	Fotball grusbane	Ja	OK
Hagabotnane idrettsanlegg - klubbhus	1242000904	Idrettshus	Nei	OK
Hagabotnane idrettsanlegg - skyteanlegg	1242000905	Skytebane (inne)	Ja	OK

Friidrettsanlegget med grasbana har eit stort behov for rehabilitering. Spesielt gjeld dette langsida mot sør, som er grøn av mose. I 2013 vart ikkje grasbana opna før 1. juni. Slik som anlegget står i dag, er det meir eller mindre eit fotballanlegg.



Kart over idrettsanlegget i Hagabotnane.

Barn og unge i dag har høgare krav til idrettsanlegg enn for 10-15 år sida. Det er ein del besøkande lag som ikkje ynskjer å spela på grusbana på våren. Det gjer at belastninga på grasbana aukar på hausten. Ei naturgrasbane har ei brukstid på 100-250 timar i sesongen, mens ei

grus- eller kunstgrasbane kan nyttast i 1 000-1 500 timar i sesongen. Når grasbana er stengt halve sesongen, halverar me òg den maksimale brukstida på grasbanen.

Kommunestyret vedtok i sak 015/12 retningslinjer for kompensasjonsmidlar for utbygging av Sima-Samnanger (mastemillionane), at 1,4 millionar skal nyttast til kunstgrasbane. Utskifting av grasbanen med kunstgras er òg eit tiltak i kulturplanen. Med ei grusbane og ei kunstgrasbane vil me få opptil 3 000 brukstimar i året.

Ved å skifta ut grasbanen med kunstgras vil det oppstå ein konflikt med friidrettsanlegget. Det minste tilrådde arealet for ein 11-er bane er 64x100 meter speleflate<sup>2</sup>. Sikringssone kjem i tillegg slik at det totale arealbehovet er 72x110 meter (7 920 m<sup>2</sup>). Grasbana har i dag ikkje stort nok areal til dette, men det er mogleg å ta av løpebana. I tillegg vert det ikkje høve til å driva kasteøvingane der. Dersom det skal drivast med kasteøvingar, må det gjerast på grasbana.

Det bør vera mogleg å driva med friidrett i Samnanger. Skulane har ikkje idrettsanlegg, og det må vera høve til dei tradisjonelle idrettsmerkeøvingane. Sjølv om noko areal må nyttast til kunstgrasbane, skal me bevara løpebana. Dersom ein framleis ynskjer å ha eit fullverdig friidrettsanlegg, må me enten nytta grasbanen til kasteøvingane eller finna anna areal til kunstgrasbana. Grusbana har ikkje nok areal i dag, og det vil oppstå konflikt med parkeringsplassen og vegen nordaust i anlegget.



13 Foto: Samnanger IL

Norges fotballforbund (NFF) tilrår at ein først bytter ut eldre grasbaner, for så å byta ut grusbane slik at ein får fleire brukstimar (KUD, 2007).

Samnanger kommune eig i dag idrettsanlegget og har ansvar for drift og vedlikehald. Det er vanleg at idrettslaga sjølv eig anlegga dei brukar og at kommunen yter tilskot til laget. Samnanger idrettslag har gjennom aktiv bruk av anlegget størst eigarskap til anlegget. Ved å gje

idrettslaget det formelle eigarskapet til anlegget, kan dei utvikla det etter deira behov.

Tilkomsten til idrettsanlegget er svært dårleg. Fleire alternative vegløysingar vert vurdert, også utbetring av eksisterande. Det er sett av midlar til planlegging av ny veg. Dette arbeidet vert gjennomført straks kommuneplanen er vedteken.

<sup>2</sup> For det Norges fotballforbund definerar som klasse 2, breddefotball.



### Totræna

Namn	Anleggsnr	Anleggstype	UU	Status
Totræna langrennsløype 2,3 km	1242000101	Skiløype	Ja	Ok
Totræna langrennsløype 5 km	1242000102	Skiløype	Ja	Ok
Totræna idrettshus	1242000103	Lagerbygg	Ja	Ok
Totræna skileikanlegg	1242000104	Skianlegg	Nei	Ok
Totræna dagsturløype	1242000105	Langrennsanlegg	Ikke vurdert	Ok

Totræna er langrennsanlegget i Samanger. Det ligg føre planar om å rusta opp anlegget. Det er planlagt og søkt spelemidlar til å rehabilitera, leggja om og å utvida lysløypa, samt å leggja om inn- og utgåande løyper på stadion. Samnanger idrettslag ynskjer å byggja ei dagsturløype frå Totræna til Fitjavatnet og eit skileikanlegg.



14 Totræna vinterpark Foto Bergen og omlandfriluftsråd

Det er òg behov for oppgradering av tilkomsten til anlegget. I dag er det rasfare ved Totrænavegen og parkeringsplassen er ca 200 meter frå løypa. Samnanger idrettslag har lagt fram konkrete planar for utbetring av vegen – delvis ny veg – og ny parkeringsplass.

### Eikedalen

Namn	Anleggsnr	Anleggstype	UU	Status
Eikedalen Skisenter - alpintrase	1242000805	Alpinanlegg	Ikke vurdert	Ok
Eikedalen skisenter - Lager	1242000806	Lagerbygg	Ja	Ok
Eikedalen skisenter - alpintrase 2	1242000807	Alpinanlegg	Nei	Ok
Eikedalen Skisenter	1242000808	Alpinanlegg	Ikke vurdert	Ok
Eikedal Skisenter	1242000809	Alpinanlegg	Ikke vurdert	Ok
Eikedalen Skisenter - alpintrase 3	1242000810	Alpinanlegg	Ikke vurdert	Ok

## Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024

Eikedalen skisenter er eit kommersielt drifta alpinanlegg. Alpingruppa i Samnanger idrettslag har avtale om trening i anlegget.

Eikedalen skisenter ynskjer å etablere to nye heisar ved sidan av tvillingtrekket mot fylkesveg 7. Dei har ikkje høve til å ha sommaraktivitetar grunna avtale med grunneigarane. Dei meiner òg at det ikkje er marknad for det.

### Gaupholm skytebane

Namn	Anleggsnr	Anleggstypoe	UU	Status
Gaupholmsmarka skytebane - 100 meter	1242001201	Skytebane 100m	Ikke vurdert	Ok
Gaupholmsmarka skytebane - 200 meter	1242001202	Skytebane 200m	Ikke vurdert	Ok
Gaupholmsmarka skytebane - skyttarhus	1242001203	Skytterhus	Ja	Ok
Gaupholmsmarka skytebane - lerduebane	1242001204	Lerduebane	Ikke vurdert	Ok
Gaupholmsmarka skytebane - ny jegertrapbane	1242001205	Lerduebane	Ikke vurdert	Ok

Samnanger jeger og fiskarlag har ingen konkrete planar no, men det kan vera aktuelt med ei elgbane og ei løype for leirduesti på sikt.

